



Årsrapport 2015

Styrets samansetning:

Leder:	Geir Rognsvåg
Nest leder:	Marie Pontoppidan
Medlem:	Tommy Sævareid
Medlem:	Ole Håkon Sælen
Varamedlem:	Marie Herigstad

Sidan oppstarten i desember 2014 ut 2015 har styret hatt 13 styremøter. Vårt fokus har vært på oppstart av klubben med rekruttering og økonomi som hovedfokus. Klubben hadde 32 medlemmer ved starten av 2016, 10 av dei er under 18 år.

Styrets arbeid:

Som vanlig i en nystarta organisasjon har styremedlemmene tatt tak på alle plan.

Med veldig god hjelp frå Geir Engelsen fikk vi utarbeida ein «Virksomhetsplan». Den blei mellom anna framlagt for Os Kommune i informasjonsmøte med kommunen. Os Kommune har blitt ein god støttespelar og har ytt betydelig støtte til klubben.

Ei stor takk også til Hordaland Fylkeskommune for økonomiske bidrag.

Rekrutteringstiltak:

«Finn fram på Osøyro» vart arrangert 18.04 på Kyrkjeflaten. Arrangementet var offisiell opning av årets stolpejakt med 30 stolper inkl. kulturminner på Osøyro. Arrangementet var bra besøkt med over 50 deltakarar på dei ulike aktivitetane. Dagen vart avslutta med løp, første mann innom alle postane. Løpet hadde dessverre få deltakarar, men blei god reklame for klubben og sprintkartet på Osøyro.

Klubben hadde i tillegg stand på Nore Neset dagene i oktober 2015 med 114 deltakarar på aktivitetane.





Trening:

Første halvår hadde vi treningsløp ute i skogen på ulike kart, frå sommarferien og ut oktober har vi hatt fokus på Nore Neset og Os barne- og ungdomsskuler med trening kvar torsdag kl.18.00. Etter dette har vi arrangert 2 laurdagstreningar. Treningsløpa har fått namnet «Os-Serien». Det har og vert anledning til å delta på HOK sine laurdagstreningar (som er nesten kvar laurdag denne vinteren). Til saman har vi arrangert ca. 25 O-tekniske treningar. Fleire av klubbens medlemmer har også deltatt på BIOS sine løp en laurdag i månaden frå november. Aldri før har det vært eit så rikt tilbod om lokale O-tekniske treningar, noko vi trur er heilt nødvendig for å få opp interessa lokalt.

Vi har inngått ein samarbeidsavtale med Opptur Motbakkeklubb om felles kondisjonstrening kvar måndag og onsdag kl.19.00. Måndag er det toptur eller løpetur, onsdagar er det intervaller.

Turorientering:

Årets turorientering var StolpeJakt på Osøyro med 30 poster mellom Mobergsvika og Solstrand. Det var lagt ut 30 poster og laga til saman 4 løyper med 3 ulike kartutsnitt. Løypene kunne lastast ned frå turorienteringssidene våre (www.turorientering.no/osok).

Kulturminneløypa kunne i tillegg hentast gratis i rådhuset. Det var laga ein turorienteringkonvolutt med 2 kart med alle postane på, denne var til salg hjå Best stasjonen i Os sentrum.

Det er lagt inn 20 kulturminner med bilete og omtale i kulturminne databasen slik at desse kan brukast på nytt eit anna år.

Det vart seld 5 turorienteringskonvoluttar, og ein del vart gitt i gåve til samarbeidspartnarar.

I tillegg vart løypene lasta ned slik:

Kulturminneløype Osøyro	157 nedlastingar	gratis
Finn fram på Øyro	148 nedlastingar	gratis
Kort Lurane tur	109 nedlastingar	gratis
Postplukk på Osøyro	6 nedlastingar	
Postplukk på Lurane	3 nedlastingar	

Til saman 12 personar har registrert turar, 5 av desse har registrert besøk på alle postane. Desse er Frode Hauge, Liv Grethe Holstad, Marit Djupvik og Camilla Hamre. I tillegg har Kathy Ann King Hamre tatt alle bortsett frå ein.

Vi har søkt og fått KUP midlar frå Os kommune samt midlar til turorientering frå NOF til dette. I tillegg har vi seld 45 turar til skular i Os. På norgesrankinga mellom klubbane vart vi nr. 88.



Øvrige arrangement:

Vi ble forespurt om å arrangere kretsmeesterskapet i sprintstafett 09.05.2015. Klubben tok utfordringa og Kyrkjeflaten vart arena for arrangementet. 22 lag deltok, inkl. vårt eige lag med Matias og Nikolai Pontoppidan som vart nr. 5. Det var håpa på fleire deltakarar, men datoen kolliderte med andre viktige orienteringsarrangement.

26.08 arrangerte vi bedriftsorienteringsløp for Hordane Bedriftsidrettslag. Vi brukte igjen Kyrkjeflaten som arena. Tross mykje vær var det 223 deltakarar med.

Sportslige prestasjonar:

Os Orienteringsklubb har hatt deltakare i stort sett samtlige pokalkamp- og sprintcupløp gjennom året. Vi endte opp på en respektabel 8. plass i pokalkampen. Vi prioriterte årets Kompisstafett i Samnanger og stilte med to jevnbyrdige lag. Begge laga klarte målsettinga som var å fullføre.

Gneist 2-dagers, Marie og Matias.

Siv vant sin klasse.

Tommy Sævareid og Anita Lindvik-Sævareid deltok i tillegg i Sør-Italiensk O-festival sommaren 2015. Her vart Tommy nr.5 samanlagt i H55 med ein 2.plass i sprint som beste enkeltresultat.

Heimeside, medlemsregister mm.

Vi har oppretta ei heimeside: www.osok.no som er klubben sin offisielle informasjonskanal. Vi har og oppretta ei facebook gruppe, men informasjonen der er meir uformell då ikkje alle medlemmer nyttar facebook.

Medlemsregister er oppretta i klubbadmin som er idrettens eige system for klubbane. Dette gjer at medlemmane sjølv kan vedlikehalde medlemsskap og informasjon gjennom www.minidrett.no.

Representasjon:

HOK fylte 75 år i 2014. Geir Rognsvåg, Anita Lindvik-Sævareid og Tommy Sævareid var til stades på jubileumsarrangementet.

Tommy Sævareid er medlem av NOF sitt Tur-O utval. Dette er eit rådgivande utval med 4 personar. I den forbindelsen hadde Tommy og eit foredrag om bruk av kulturminne i turorientering på NOF sitt kompetanseseminar på Gardermoen i november.

Geir Rognsvåg var og kontrollør for Hamla Grand Prix 6.juni.



Kart:

Geir Rognsvåg har teikna mange kart. Dei er ikkje ferdige, men fullt brukbare til trening. Nokre område kan og nyttast i konkurransar.

Vi har inngått ein avtale med Os kommune som kostnadsfritt gjer oss laserbasert kartgrunnlag på dei områda vi ynskjer å lage kart i kommunen. Tilbake får kommunen tilgang til våre STI-data etter kartet er teikna.

I 2016 må vi satse på å få ferdiggjort og godkjent karta slik at vi kan søkja tippemiddelfinansiering.

Liste over kart (under utarbeiding):

Osøyro	1:5000	2m	Sprintkart
Øvredalen	1:10.000	5m	
Hatvik	1:10.000	5m	
Hetlestraumen	1:5.000	5m	
Nore Neset	1:5000	2m	Sprintkart
Lysodden	1:5000	5m	

I tillegg har Geir laga skulegårdskart for dei fleste skulane i kommunen.

Utstyr:

Klubben har følgjande utstyr:

1 MTR4 (tidtakerenhet)

2 Startenheter

20 Postenheter

Ca. 30 Postskjermer

8 utleiebrikker

19 rekruttpakker (etui med kompass og brikke)

15 Stifteklemmer og startkort for stifteklemmer

Finn Fram banner

Diverse forbruksmateriell arrangørutstyr:

- Merkebånd

- Backuplapper

- Printerpapir til MTR

- A4 plastmapper

....